

Fråsegn frå årsmøtet til Utdanningsforbundet Førde.

## **System for integrering**

**Flyktningkrisa er ei nasjonal utfordring og stadig fleire framandspråklege kjem til kommunen vår. Skulane og lærarane står klare til å ta imot nye born og foreldre. Vi ynskjer dei hjarteleg velkomen til Førdeskulen, og håpar at dei skal få ein god skulegang og oppvekst i kommunen.**

Fordi vi veit at utdanning er blant dei mest effektive formene for integrering, er det svært viktig at vi lukkast med opplæring og utdanning. Det er difor avgjerande å gje desse borna eit skikkeleg tilbod så raskt som råd.

I opplæringslova § 2-7 heiter det:

*«Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar».*

I dag er det slik at born av asylsøkjjarar får om lag kr. 8000,- i individuelle midlar per måned. Desse midlane vert overførte til skulane så lenge dei har status som asylsøkjjarar, og bur i mottak. Born av arbeidsinnvandrarar, kvoteflyktningar og busette elevar, som nyleg har kome til landet, har også behov for særleg norskopplæring eller morsmålsundervisning, men då får skulane svært lite ressursar. Dette er langt i frå nok til å lære opp eleven.

Dermed opplever vi at nokre framandspråklege elevar har med seg ressursar, medan andre ikkje har det. Dette blir uhandterleg for skulane. Utdanningsforbundet i Førde meiner at opplæringslova må gjelde alle born som kjem til norsk skule, og meiner at desse elevane må få lik behandling og ressurstildeling.

Slik det er i dag har vi gode system for ordinær opplæring i Førdeskulen, men vi er ikkje tilstrekkeleg rusta for å møte den straumen av flyktningar og asylsøkjjarar som no kjem. Systema våre handterer det ikkje.

Utdanningsforbundet i Førde ynskjer at framandspråklege elevar i Førde skal få ei rettvis og god språkopplæring. Vi ser for oss at det blir etablert mottaksklassar som gir norskopplæring i ein viss tidsperiode, fram til elevane har tilstrekkeleg dugleik til å følgje den vanlege opplæringa i skulen. Desse klassane bør vere stasjonert på ein eller to skular, slik at ein sikrar

godt kvalifiserte lærarar, god kompetanse og gode system på skulane og ikkje minst ein sikker grunnressurs for dei skulane som må vere mottaksapparatet.

Vi vonar at Førde kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune raskt kan bidra til at vi byggjer opp desse naudsynte systema slik at vi saman kan løyse denne utfordringa.

Utdanningsforbundet Førde